

Saksprotokoll i Kommunestyret - 20.11.2014

**Vedtak**

1. Kommunestyret vedtek budsjett og økonomiplan for åra 2015-2018 med disse endringane:

Teneste	Tekst	2015	2016	2017	2018
2011	Prisjustering tilskotssatsar private barnehagar	100 000			
2011	Prisjustering tilskotssatsar private barnehagar, kapitalkostnader	-1 350 000			
2020	Bortfall skuletilskot språkopplæring	200 000			
2011	Auka søskenmoderasjon barnehage	100 000			
2011	Bortfall av øyremerka statstilskot barnehage for asylsøkjjarborn				
	Auka overføring samarbeidsrådet	106 981			
	Nedtrekk Sfo halvtårseffekt	-570 000	-1 700 000	-1 700 000	-1 700 000
	Styrka elevressurs (inkl, symjing m.m.)	850 000	850 000	850 000	850 000
	Auka foreldrebetaling kulturskulen 3 %	-60 000			
	Auka botnfrådrag eigedomsskatt	1 561 800			
	Redusert overskot	-1 561 800			
	Redusere risiko aksjepost (til 20% risiko)	611 741			
	Auka stilling kyrkjeleg fellesråd 25%	135 000			
	Auka stilling folkehelsekoordinator 20%	133 400			
	Renter	123 478			
	Reduksjon renter pga sal av bustadfelt Rukjen				
	Gevinst arealeffektiviseringsprosjekt		-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
	Auka overføring Ske KF (verdibevarande vedlikehald)	494 400	2 000 000	2 000 000	2 000 000
	Koordinator ungdomsrådet	50 000			
	Gards- og ættesoge	75 000			
	Næringstilskot/planarbeid	100 000			
	Bilordning, effektivisering	-200 000			
	Effektivisering pleie/omsorg		-1 000 000	1 000 000	-1 000 000
	Tilskot drift av eldresenter (halvtårseffekt)	200 000	400 000	400 000	400 000
	Redusert minimumsavdrag	-1 000 000			
	Sum		-450 000	-450 000	-450 000

Teneste	Tekst	2015	2016	2017	2018
	Prosjektering skule/hall Sagvåg	800 000			
	Renovering bane på Hystad	-3 000 000			3 000 000
	Auke Rehabilitering Hystad skule	7 500 000			
	Sal bustadfelt Rukjen				
	Kommunal andel planarbeid bru Tysnes-Huglo	170 000			
	Løypemaskin	300 000			
	Udisponert				
	Sum	5 770 000	-	-	3 000 000

Rett utskrift:

#### Generelt:

- Aksjeandel på plassering av kommunen sine midlar skal reduserast frå 30% til 20%
- Det vert lagt opp til ei auka ramme for kyrkjeleg fellestråd tilsvarande 25% stilling
- Kommunestyret føreset at statstilskot for barnehage for asylsøkjjarborn vert vidareført.

#### OOU:

- Det vert lagt opp til eit halvtårseffekt på nedtrekk i SFO, i tråd med budsjettvedtak i 2013 for budsjettåret 2014. Kommunestyret løyver kr 850 000,- til styrking av elevressursen i skulen. Kommunestyret forventar at timetalet med symjeundervisning vert lagt på eit nivå som sikrar at kompetansemåla for symjedugleik vert nådde.
- Stord kommunale eigedom KF får ei kostnadsramme på totalt 11 millionar kroner til ei permanent løysing på arbeidstilsynet sitt pålegg om lærararbeidsplassar og å erstatta undervisningslokale i paviljongen på Hystad skule. Kommunestyret ser for seg ei løysing med 3 klasserom, der ein i anbodspapira kan be om opsjon på 4 klasserom.
- Renovering av banen på Hystad vert utsett.
- Prosjektering av hall i Sagvåg må sjåast i samanheng med prosjektering av Nysæter ungdomsskule – ref vedtak i OOU PS 15/14. Planmidlane vert styrka med kr 800.000.
- Foreldrebetaling i kulturskulen vert auka med ca 3%
- Ungdomsrådet får tilført ekstra stillingsressurs tilsvarande 50.000,-

Kommunestyret har som målsetnad at ny Stord ungdomsskule skal vera klar frå hausten 2017. Rådmannen får i oppdrag å gå gjennom prosjektet med sikte på å vurdere arealbehovet, der ein tek utgangspunkt i 5 parallelle klassar på kvart årstrinn. Det skal også utarbeidast løysingar og kostnadsoverslag for mellombels undervisning i anleggsperioden.

Parallelt med utarbeiding av nytt kostnadsoverslag for "Kongen på haugane" skal det greiast ut pris på gjenbruk av dagens konstruksjon og på eit modulbygg. Ei løysing med gjenbruk av dagens konstruksjon føreset at konstruksjonskvalitet og restlevetid er samanliknbar med nybygg og at ei renovering fullt ut tilfredsstiller dagens standardar.

Våren 2015 skal det fremjast sak om val av utbyggingsalternativ. Denne skal m.a. byggja på ei tilstandsanalyse av berekonstruksjonar i eksisterande bygg. Kommunestyret legg til grunn at saka vert utarbeida i samråd med vernetenesta og dei tilsette sine organisasjonar. Kommunestyret ber om at det som del av saka vert utarbeida ein framdriftsplan for prosjektet.

#### RHO:

- Innanfor budsjettet som er sett av til intergeringsarbeidet, skal det løyvast kr 100.000 som støtte til frivillige lag og organisasjonar som bidrar til integrering. Komiteen ber om å få ei sak som gjer greie for fordelingsprinsipp.
- Det skal setjast i gong eit effektiviseringsprosjekt innan RHO området, med sikte på å oppnå større tidssparande gevinstar i størrelsesorden min. 1 mill. kr på årsbasis. Ein ber om ei sak 1Q der ein legg fram alternative løysingar.
- Det vert sett sett av midlar til igongsetting av eit utvida dagtilbod for eldre (eldresenter), med halvårseffekt på kr 200.000. RHO får ei sak om organisering av tilbodet 1Q 2015. Tilbodet bør vera i samhandling med frivillige lag og organisasjonar
- Folkehelsekoordinator får auka stillingsressurs på 20%.
- Kommunestyret ber om at det vert lagt til rette for å auke stillingsbrøk for servicemedarbeider med 50% og ergoterapeut med 50%. Ressursane vert omdisponert frå virkeområde innan RHO der desse yrkesgruppene er aktive.

---

Rett utskrift:

- YSS vert ikkje vidareført . Stord kommune vil etter at samarbeidet i form av YSS er avslutta, fortsatt ha det kommunale ansvar ein har for denne pasientgruppa og samarbeide vidare med Helse Fonna og Stord DPS, og bygge på den felles kompetanse ein har fått gjennom prosjektet.
- I påvente av bygging av nye sjukeheims plassar i Stord kommune vil ein søkja å opprette nye sjukeheims plassar anten gjennom:
  - arealeffektiviseringsprosjektet på Backertunet
  - forhandling om leige av plassar i nabokommunar
  - utviding av plassar som er under bygging til snøgghjelp senger.
  - Dette må også sjåast i samanheng med midlar sett av til utskrivingsklare pasientar.

Komiteen ber om å få dette fram som ei sak i samband med revidert budsjett.

2. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.

a) I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 bokstav a) skal følgjande utskrivingsalternativ for eigedomsskatt nyttast for skatteåret 2015: *Eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen.*

b) Skattesatsen vert sett til 2 ‰ av omsetnadsverdien for bustader og fritidseigedomar. Skattesatsen vert sett til 4 ‰ av omsetnadsverdien for verk og bruk, annan næringseigedom og ubebygde grunneigedom.

c) I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav a) opnar kommunestyret for fritak av eigedomar som er eigde av stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten. Eigedomar som kvalifiserar for fritak etter bestemmelsen og som er eigde av idrettslag, ungdomslag, bedehuslag og liknande skal ha fritak for eigedomsskatt i Stord kommune. Sakkunnig nemnd legg fram oversyn over kva eigedomar dette kan gjelda. I tillegg kan eigedom tilhøyrande andre stiftingar/organisasjonar bli vurdert fritakne av kommunestyre på grunnlag av søknad.

Dei eigedomar som tidlegare år er innvilga fritak for eigedomsskatt av kommunestyret i medhald av eigedomsskattelova § 7, jf. oversyn i avsnitt 3.3 i budsjettokumentet, skal ha fritak for eigedomsskatt også i 2015.

d) Eigedomsskatten skal betalast i fire terminar.

e) Ved taksering og utskrivning av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter.

f) I medhald av eigedomsskattelova § 11 skal det i 2015 gjelde eit botnfrådrag for bustader og fritidseigedomar. Botnfrådraget vert sett til kr 400.000

3. Kommunestyret vedtek å ta opp inntil 145 858 000 kr i lån i 2015 som serielån. Låneopptaket er fordelt slik:

Startlån til vidare utlån, inntil	kr 25 000 000
Lån til investering i vatn og avlaup	kr 78 440 000
Andre lån	kr 48 788 000

Lånegjelda skal nedbetalast med minimumsavdrag.

Kommunestyret vil ta stilling til låneopptaket til hamneføremål ved handsaming av budsjettet for Stord hamnstell.

Kommunestyret vedtek at låneporteføljen til Stord kommune, og alle lån i porteføljen (sjå vedlegg 7.11) kan refinansierast i inneverande år og i budsjettåret 2015. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opphavleg vedtak.

4. Kommunestyret vedtek satsar for gebyr og avgifter med verknad frå 1. januar 2015 slik det går fram av eige hefte "Betalings satsar for Stord kommune" for:

---

Rett utskrift:

- Kommunale egedomsavgifter
- Gebyr for regulerings-, byggesaks-, og oppmålingshandtering
- Betalingssatsar for feing og tilsyn

5. Kommunestyret fastset slike førebels tilskotssatsar for 2015 til private barnehagar i Stord kommune:

Ordinære barnehagar:

Små born/full plass	kr 179 156
Store born/full plass	kr 81 093

Satsar for familiebarnehagar og refusjon kapitalkostnader skal vera tilsvarande retningsgjevande satsar frå departementet.

6. Stord kommune har vedteke å busetja 20 flyktningar 2015. Familiesameiningar kjem i tillegg. komunestyret ber rådmannen leggje til rette for ytterlegare å auka busetjing av flyktningar. Dette vert å koma attende til i revidert budsjett.

7. Det vert for 2015 fordelt driftstilskot/-støtte til kultur- og idrettsorganisasjonar m.m. slik:

- Sunnhordland museum	kr 610 000
- Friluftsrådet,	kr 260 000
- Stord idrettspark AS,	kr 800 000
- Frivilligsentralen,	kr 208 000
- Stord sogelag	kr 10 000
- Sunnhordland kammerorkester	kr 22 000
- Barnebokfestivalen Falturiltu	kr 100 000

Komité for næring, miljø og kultur får fullmakt til å disponera løyving på kr 250 000 til kulturføremål.

8. Stord kommune løyver følgjande tilskot over 2015-budsjettet i til samarbeidstiltak og næringsføremål:

- Hordaland olje og gass, driftstilskot	kr 50 000
- Haukelivegen AS, driftstilskot	kr 37 500
- Samarbeidsrådet for Sunnhordland	kr 511 581
- Samarbeidsrådet, reiselivssatsinga	kr 218 000
- Medlemskontingent Stord næringsråd	kr 30 000
- Atheno AS, Maritim industriinkubator	kr 150 000
- Atheno AS, ungt entreprenørskap	kr 65 000
- Liv og lyst Litlabø	kr 30 000
- Kjøp av førstelinetenester	kr 150 000

Komité for næring, miljø og kultur får i tillegg fullmakt til å disponera løyving på kr 300 000 til næringsføremål.

Arbeidet med gards- og ættesoga vert tilgodesett med kr 75.000

Planarbeid for sambandet Huglo – Tysnes vert igongsett

9. Kommunestyret vedtek budsjettframlegget frå Stord vatn og avlaup KF slik det ligg føre.

10. Kommunestyret vedtek budsjett for 2015 for Stord kommunale egedom KF inklusiv rammeoverføring til park/grønt slik det går fram av rådmannen sine kommentarar til budsjettet, avsnitt 5.6.1., samt beløp som kjem fram av taloppsettet.

Stord kommunale egedom KF får i oppdrag å vurdere sal av bustadfelt i Rukjen.

Gevinst av arealeffektiviseringsprosjektet skal gå til styrkjing av det verdibevarande vedlikehaldet. Beløp vert å koma attende til når sak ligg føre.

## Handsaming

Vedteke med 31 mot 3 røyster (SV og Katrin Ankervold, Ap) Mindretalet røysta for SV sitt framlegg.

---

Rett utskrift:

## Habilitet:

Nils Magne Blålid, SV stilte i starten av handsaminga spørsmål om ordføraren sin habilitet i samband med prosjektet «Kongen på Haugane» dersom dette skal ut på ny anbuds konkurranse.

Ordførar viste til rådmannen si orientering om at det i samband med investeringsbudsjettet ville kome fleire prosjekt som skulle ut på anbod og på bakgrunn av dette såg ho seg ikkje inhabil. Ho tredde frå under handsaminga av spørsmålet. Vara var ikkje kalla inn.

Kommunestyret handsama habilitesspørsmålet og fatte følgjande vedtak:

Liv Kari Eskeland, H vart samrøystes kjent habil og tok plass att, jf fvl § 6 2. ledd.

\*\*\*\*\*

H, V, Krf, Sp, Frp og Ap kom med framlegg til vedtak slik det ligg føre.

\*\*\*\*\*

## **Stord SV sitt budsjettframlegg for 2015**

I Stord SV sitt budsjettforslag er Formannskapet sitt budsjettframlegg lagt til grunn saman med Stord SV sine endringar.

Under fylgjer budsjettpostar som er justert.

	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>
Barnevernet, styrka med	2000000	2000000	2000000	2000000
YSS	900000	900000	900000	900000
Ungdomsrådet	180000	180000	180000	180000
Symjeundervisning	855000	855000	855000	855000
Ungt entrepenørskap	-65000	-65000	-65000	-65000
Elevfaktor, styrkja med	365000	365000	365000	365000
Drift barnehagar, styrkja med	1000000	1000000	1000000	1000000
Litlabø skule, styrkja med	1300000	1300000	1300000	1300000
Folkeh.koordinator, styrkja med	200000	200000	200000	200000
I jobb Stord, styrkja med	750000	750000	750000	750000

Det er lagt opp til ei kostnadsauke med kr 7 485 000,- i budsjettet.

Budsjettforslaget styrkjer **barnevernet**. Dette vil gje barnevernet eit betre og meir reelt utgangspunkt å arbeide etter i budsjettåret 2015. Ein god barndom varer heile livet. Ein god barndom er heilt avgjerande. Barnevernet blir difor styrkja med 2 000000,-.

Samarbeidet i **Ytre Sunnhordland Samhandlingsteam** (YSS) skal haldast oppe. Førebygging er betre enn behandling. SV vil vidareføra tiltak som sikrar tidlig innsats før problema blir for store. YSS er heilt i tråd med god folkehelsesatsing.

Elevar i Stordskulen skal ha **38 timar symjing**, ikkje 20 som det er budsjettet med. Det er på tide at det blir teke eit løft i forhold til symjedugleiken og symjing er definerte læreplanmål og eit klart skuleansvar.

Rekruttering til deltaking i lokaldemokratiet er særst viktig. **Ungdomsrådet** får auka løyving for å få attende ein viktig faktor i arbeidet sitt, nemlig ressurs til ungdomsrådskoordinator. Dette vil vera heilt avgjerande for lokalsamfunnet å leggje til rette for at ungdomsrådet får betre kår og kan arbeide føremålstenleg. Det kan bidra til at ungdommen vel å forsetja å vera aktiv i lokaldemokratiet i åra som kjem. Budsjettauken blir også gjort for å unngå å tappa Utekontakten for ressursar som skal nyttast til førebyggjande arbeid for ungdom.

---

Rett utskrift:

**Elevfaktor.** Eit ytterligere nedtrekk i elevfaktoren, er ein svært kritisk faktor for skulen. Det er små ressursar på dette området frå før. I dette budsjettforslaget vert dette retta opp.

**Drift av barnehagar.** I Formannskapet sitt forslag blir styrarassistentsressurs kutta med 45% (kr 280.000). SV styrkar ellers budsjettet og på den måten kan ein gjere det lettare å ta inn vikar ved sjukdom/vidareutdanning Styrkinga i budsjettet er eit steg i retning av å følgje bemanningsnormen som skal vere på plass i 2020. Det å drive barnehagar på 2014 -nivå, utan prisjustering, som forslaget frå FSK legg opp til, er ikkje godt nok. Tidleg innsats er eit kommunalt satsingsområde. Løyvinga i vårt budsjett står opp om dette.

**Litlabø skule skal ikkje ha 5-delt skule.** Koalisjonen er i budsjetthandsaminga i ferd med å gjera pedagogiske strukturelle endringar på skulen, og dette blir i fall det vert vedteke, gjort i ei budsjettsak. Strukturelle og pedagogiske endringar skal gjerast i tråd med demokratiske prosessar med partane i skulen. Dette gjeld både tilsette, elevar og føresette slik lov- og avtaleverk heimlar. Det er venta auke i elevtalet på Litlabø dei kommande åra. I formannskapet sitt budsjettforslag er det eit uforholdsmessig stort nedtrekk av økonomien til skulen, samanlikna med stordskulen elles. Nedtrekket er 1,3 mill. For resten av stordskulen er det føreslege nedtrekk på kr 700` til saman. I dette budsjettforslaget skal Litlabø skule ikkje vera 5-delt.

**Folkehelsekoordinatoren** vert auka opp i stillingsstorleik. Det vert sett av 200 000,- til formålet. I Stord kommune vil vi prioritere helsefremjande og førebyggjande tenester. Førebygging av psykiske lidningar, rus og livsstilsjukdomar er sentralt i dette.

**I jobb Stord** får løyving på kr 750000,- for å kunne oppretthalda 1,5 stilling til fagpersonale i tiltaket. Å ha arbeid å gå til i kvardagen er ein viktig del av kvardagen også for dei som ikkje har sin plass i det ordinære arbeidslivet i kommunen vår.

### **Investeringsbudsjett**

	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>
Stord ungdomsskule	2700000	95550000	67000000	
Hystad skule	3500000			
Nysæter ungdomsskule			800000	
Fleirbrukshall Nysæter			800000	

### **Nye Stord ungdomsskule**

Nye Stord ungdomsskule, prosjektet «Konge på haugen», skal byggjast og stå ferdig i 2017.

### **Nysæter ungdomsskule og bygging av fleirbrukshall.**

I investeringsbudsjettet vert det sett av kr 800 000,- til prosjektering av Nysæter Ungdomsskule og kr 800 000,- til prosjektering av fleirbrukshall på Nysæter i 2017. Prosjekteringsarbeidet skal gjennomførast nært opp til det årstal som det er realistisk å starte opp byggearbeidet.

### **Organisering av Stord Kommune.**

Det er viktig at kommunen er organisert slik at den leverer best moglege tenester til innbyggjarane, samstundes som kommunen skal vera ein god og attraktiv arbeidsgjevar. Ein vil innføra etatsmodellen som organisasjonsform i Stord kommune igjen. Dei kommunale føretaka skal attende til etat-organisering med fagsjefar.

### **Universell utforming**

Universell utforming skal prioriterast sterkare i Stord kommune. Universell utforming skal leggjast til grunn for å få tilgjengelige bygg, uteområder, transport og informasjons- og kommunikasjonsteknologi. Dette vil mellom anna utvide vilkåra for eit meir inkluderande arbeidsliv, fordi arbeidsplassane vert meir tilgjengelige, og menneske med langvarig eller midlertidig fall i funksjon kan i større grad bu heime, og presset på institusjonsplassar vert mindre.

### **Sjukaheimsplassar**

---

Rett utskrift:

Det skal startast opp eit arbeid med ein heilhetlig plan for etablering av nye sjukeheimplassar.

### **Yngre uføre og arbeidsledige ungdomar i kommunen**

Det må setjast inn eit målretta arbeid for å kunne tilby arbeidsplassar til desse ungdomane. Dette gjeld ordinære og tilrettelagte arbeidsplassar.

Framlegget fekk 3 røyster (SV og Katrin Ankervold, Ap)

### **Formannskapet sitt framlegg:**

1. Kommunestyret vedtek budsjett og økonomiplan for åra 2015-2018 med desse endringane:
  - Nedtrekk som er varsla på SFO går til styrking av elevressurs
  - Hystad skule – primært skal avvik på arbeidsmiljø lukkast. Renovering av banen på Hystad vert utsett
  - Styrka posten prosjektering av hall i Sagvåg. Denne må sjåast i samanheng med prosjektering av Nysæther ungdomsskule – ref vedtak i OOU.
  - Foreldrebetaling i kulturskulen vert auka med 3%
  - Det skal setjast i gong eit effektiviseringsprosjekt i heimebaserte tenester med sikte på å oppnå større tidssparande gevinstar for å oppnå meir tid ut mot brukarane.
  - Stord kommunale eigedom KF får i oppdrag å vurdere sal av bustadfelt i Rukjen.
  - I påvente av bygging av nye sjukeheimplassar i Stord kommune vil ein søkja å opprette nye sjukeheimplassar anten gjennom:
    - arealeffektiviseringsprosjektet på Backertunet
    - forhandling om leige av plassar i nabokommunar
    - eller utviding av plassar som er under bygging til ØH
    - saka vert å koma attende til i revidert budsjett.
    - Dette må også sjåast i samanheng med midlar sett av til utskrivingsklare pasienter
  - Gevinst av arealeffektiviseringsprosjektet skal gå til styrking av det verdibevarande vedlikehaldet
  - Botnfrådraget til eigedomsskatten vert auka med kr 100.000
  - Aksjeandel skal videreførast på 2014 nivå (1,2 mill)
  - Innenfor budsjettet som er sett av til intergeringsarbeidet, skal det løyvast 100.000 som støtte til frivillige lag og organisasjonar som bidrar til integrering.
  - Det vert lagt opp til ei auka ramme for kyrkjeleg fellesråd tilsvarande 0,25% stilling
  - Det vert lagt opp til ei auka ramme for folkehelsekoordinator tilsvarane 20% stilling
  - Formannskapet må likevel sjå på resultat frå statsbudsjettet med omsyn til barnehageplass til barn på mottaket.

Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.

2. a) I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 bokstav a) skal følgjande utskrivingsalternativ for eigedomsskatt nyttast for skatteåret 2015: *Eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen.*
- b) Skattesatsen vert sett til 2 ‰ av omsetnadsverdien for bustader og fritidseigedomar. Skattesatsen vert sett til 4 ‰ av omsetnadsverdien for verk og bruk, annan næringseigedom og ubebygde grunneigedom.
- c) I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav a) opnar kommunestyret for fritak av eigedomar som er eigde av stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten. Eigedomar som kvalifiserar for fritak etter bestemmelsen og som er eigde av idrettslag,

---

Rett utskrift:

ungdomslag, bedehuslag og liknande skal ha fritak for eigedomsskatt i Stord kommune. Sakkunnig nemnd legg fram oversyn over kva eigedomar dette kan gjelda. I tillegg kan eigedom tilhøyrande andre stiftingar/organisasjonar bli vurdert fritakne av kommunestyre på grunnlag av søknad.

Dei eigedomar som tidlegare år er innvilga fritak for eigedomsskatt av kommunestyret i medhald av eigedomsskattelova § 7, jf. oversyn i avsnitt 3.3 i budsjettokumentet, skal ha fritak for eigedomsskatt også i 2015.

d) Eigedomsskatten skal betalast i fire terminar.

e) Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter.

3. Kommunestyret vedtek å ta opp inntil 145 858 000 kr i lån i 2015 som serielån. Låneopptaket er fordelt slik:

Startlån til vidare utlån, inntil	kr 25 000 000
Lån til investering i vatn og avlaup	kr 78 440 000
Andre lån	kr 42 418 000

Lånegjelda skal nedbetalast med minimumsavdrag.

Kommunestyret vil ta stilling til låneopptaket til hamneføremål ved handsaming av budsjettet for Stord hamnestell.

Kommunestyret vedtek at låneporteføljen til Stord kommune, og alle lån i porteføljen (sjå vedlegg 7.11) kan refinansierast i inneverande år og i budsjettåret 2015. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opphavleg vedtak.

4. Kommunestyret vedtek satsar for gebyr og avgifter med verknad frå 1. januar 2015 slik det går fram av eige hefte "Betalingssatsar for Stord kommune" for:

- Kommunale eigedomsavgifter
- Gebyr for regulerings-, byggesaks-, og oppmålingshandtering
- Betalingssatsar for feiing og tilsyn

5. Kommunestyret har som målsetting om at ny Stord ungdomsskule skal vera klar frå hausten 2017. Rådmannen får i oppdrag å gå gjennom prosjektet med sikte på å vurdere arealbehovet. Det skal også utarbeidast løysingar og kostnadsoverslag for mellombels løysing for undervisninga i anleggsperioden. Revidert kostnadsoverslag skal godkjennast av kommunestyret.

Før endeleg investeringsbeslutning i samband med budsjett 2016 skal det greiast ut pris på alternativ til «Kongen på Haugane», anten ved å gjenbruka dagens konstruksjon, eller ved å setja opp eit modulbygg. Dei tilsette ved Stord ungdomsskule skal involverast i arbeidet med alternativa og vurdere pedagogiske konsekvensar.

Ein føresetnad for alternativet med gjenbruk av dagens konstruksjon er at det kan garanterast at konstruksjonskvaliteten og restlevetid etter ferdigstilling vil vera samanliknbar med eit nytt bygg, og at den tilfredstiller dagens standarder.

Føresetnaden om ferdigstilling til skulestart 2017 står fast for alle alternativ.

6. Kommunestyret fastset slike førebels tilskotssatsar for 2015 til private barnehagar i Stord kommune:

Ordinære barnehagar:

Små born/full plass	kr 178 979
Store born/full plass	kr 80 999

Satsar for familiebarnehagar og refusjon kapitalkostnader skal vera tilsvarande retningsgjevande satsar frå departementet.

---

Rett utskrift:



7. KST ber rådmannen leggje til rette for å auka busetjing av flyktningar ut over 20 flyktningar. Dette vert å koma attende til i revidert budsjett. Familiesameiningar kjem i tillegg.
8. Det vert for 2015 fordelt driftstilskot/-støtte til kultur- og idrettsorganisasjonar m.m. slik:
- |                                 |            |
|---------------------------------|------------|
| - Sunnhordland museum           | kr 610 000 |
| - Friluftsrådet,                | kr 260 000 |
| - Stord idrettspark AS,         | kr 800 000 |
| - Frivilligsentralen,           | kr 208 000 |
| - Stord sogelag                 | kr 10 000  |
| - Sunnhordland kammerorkester   | kr 22 000  |
| - Barnebokfestivalen Falturiltu | kr 100 000 |

Komité for næring, miljø og kultur får fullmakt til å disponera løyving på kr 250 000 til kulturføremål.

9. Stord kommune løyver følgjande tilskot over 2015-budsjettet i til samarbeidstiltak og næringsføremål:
- |   |            |
|---|------------|
| - Hordaland olje og gass, driftstilskot | kr 50 000  |
| - Haukelivegen AS, driftstilskot        | kr 37 500  |
| - Samarbeidsrådet for Sunnhordland      | kr 404 600 |
| - Samarbeidsrådet, reiselivssatsinga    | kr 218 000 |
| - Medlemskontingent Stord næringsråd    | kr 30 000  |
| - Atheno AS, Maritim industriinkubator  | kr 150 000 |
| - Atheno AS, ungt entreprenørskap       | kr 65 000  |
| - Liv og lyst Litlabø                   | kr 30 000  |
| - Kjøp av førstelinetenester            | kr 150 000 |

Komité for næring, miljø og kultur får i tillegg fullmakt til å disponera løyving på kr 100 000 til næringsføremål.

10. Kommunestyret vedtek budsjettframlegget frå Stord vatn og avlaup KF slik det ligg føre.

Kommunestyret vedtek budsjett for 2015 for Stord kommunale eigedom KF inklusiv rammeoverføring til park/grønt slik det går fram av rådmannen sine kommentarar til budsjettet, avsnitt 5.6.1.

**Nils Magne Blålid, SV** kom med følgjande oversendingsframlegg til Komité for rehabilitering, helse og omsorg som fall:

Oversendingsforslag:

Kommunestyret vedtek å senda saka om YSS til RHO. RHO skal vurdere verknaden av nedlegging av YSS. Dette gjeld det faglege i tilbodet, tilbodet sett i forhold til brukarane og pårørande og i forhold til kommune- og samfunnsøkonomi. Dersom RHO kjem til at prosjektet bør oppretthaldast, skal det bevilgast pengar til føremålet.

Framlegget fekk 4 røyster (SV, Katrin Ankervold og Wilhelm Engelsen begge Ap) og fall.

\*\*\*\*\*

Edgar Damås, Katrin I. Ankervold og Leif O. Heimro kom med framlegg om lovlegheitskontroll på vegne av Ap og SV.

### **Lovlegheitskontroll:**

«Lovlighetskontroll av vedtaket i budsjettet 2015 om å fådele Litlabø skule.

Arbeiderpartiet er av den oppfatning at Rådmannen må utreia dei pedagogiske konsekvensane ved å fådele Litlabø skule, som ikkje gjennomført i denne saka.

---

Rett utskrift:

I Opplæringslova står det: "Klassane, basisgruppene og gruppene må ikkje vere større enn det som er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg.»

Arbeiderpartiet er av den oppfatning at det ikkje er tatt pedagogiske omsyn ved ein fådeling av Litlabø skule.

I Opplæringslova står det vidare i «§ 11-1 Samarbeidsutval ved grunnskolar:  
"Samarbeidsutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skolen.»

Arbeiderpartiet er av den oppfatning at prosessen i høve til denne saka verken trygger ei forsvarleg sakshandsaming i høve forvaltningslova eller drøftingsplikt i høve til Hovedavtalen. Det er fra vedtak til gjennomføring av tiltaket om fådeling litt i overkant av ein månad. Dette vil Stord arbeiderparti meine strir mot både forvaltningslova, hovedavtalen og opplæringslova. Og ønskjer å få testa ut forsvarligheten i prosessen og tryggleiksnivået for enkelt elevane /tilsette.

Elevane har i høve opplæringslova rett til å få ei vurdering av dei pedagogiske konsekvensane. I denne saka har det økonomiske hensyns overstyrte dei pedagogiske. Elevane på dei aktuelle klassetrinna vere dei einaste ved skulen som må gå i sammaenslåtte klassar. Det er godt tilfang av elevar på dei lavare klassestega( og i barnehagealder)inn mot Litlabø skule. Det vil kun vere aktuelt å slå saman dei foreslåtte klassetrinna. Og det er i så måte kun økonomiske hensyn for dette. Det ettermåten låge elevtalet i klassetrinna som er foreslått samla, kjem etter ein prosess om å legge ned Litlabø skule. Elevane i desse klassetrinna har vore gjennom harde nedleggingsprossesar i nær fortid. Arbeiderparti meiner dette bør vektleggast i ei vurdering om det er pedagogisk bra for desse med ein ny prosess som kan skape usikkerhet i små barns sinn.»

Framlegget vart samrøystes vedteke.

---

Rett utskrift: